

Digital praksis og retningslinjer for Time kommune og Frøyland skule

Skulane i Time kommune har felles føringar for bruk av iPad, mobiltelefon og smartklokker. Under finn du ei oversikt over noko av det som gjeld. Du kan og finne meir informasjon på heimesida til Time kommune:

[Forskrift om skulereglar for grunnskulane, Time kommune, Rogaland - Lovdata](#)

[Teknologi i skulen](#) :Her finn du mellom anna informasjon om bruk, support, oppbevaring/handsaming, erstatningsansvar og personvern.

Digitale verktøy i skulen:

IPad er først og fremst eit digitalt verktøy som skal vera med på å bidra til kvalitet og variasjon i opplæringa, samt oppfylling av krav i læreplanen:

“Skulen har ei viktig oppgåve i å hjelpe til med å rusta born til å bli kompetente mediebrukarar. Det er ei omfattande oppgåve som me deler med dykk som føresette.

Sjølv om unge i dag veks opp i ei digital tid, har dei ikkje nødvendigvis god kompetanse når det gjeld god bruk.

Å gje elevar digital danning er eitt av måla, og ein viktig føresetnad, for gjennomføring av prosjektet med læringsbrett. Digital danning inneber å kunna bruka digitale verktøy, medium og ressursar på ein forsvarleg måte, og ha eit medvite høve til personvern og etisk bruk av internett.”

Time kommune

Retningslinjer som gjeld for iPad ved Frøyland skule:

- I Time kommune og på Frøyland skule legg me vekt på balansert bruk av digitale verktøy i opplæringa. Elevane skal ha ei opplæring som er i tråd med krava i LK 2020 (læreplanen). Ein viktig del av opplæringa er å sikra dei digitale ferdigheiter og kompetanse i kritisk tenking.
- Alle iPad'ane er DEP-aktivert. Det vil seie at dei berre kan konfigurerast og setjast opp av Time kommune. Dei har difor ikkje verdi for andre. Ein kan spore lokasjon på iPaden. All aktivitet på iPaden går gjennom kommunen sitt strenge webfilter, uavhengig av kva nettverk ein er kopla til.
- Eleven sin brukar og iPaden er administrert av kommunen. Brukaren inneheld ikkje sensitiv informasjon. Elevane brukar Feide på logging på tenester skulen brukar til læring. Dette for å sikra elevane sitt personvern.
- Alle iPadane er administrert frå Time kommune. Dette gjeld filter og kva appar som blir tilgjengeleg. Elevane har ikkje tilgang til app-store på sin iPad.
- Elevane på 1.-2.trinn skal ikkje ha med iPad heim. Skulen har ansvar for lading.

- Elevane på 3.-7.trinn har med iPad heim i vekene slik at dei kan gjere lekser. Det er viktig at elevane ladar iPaden sin heime torsdag slik at den er klar til bruk i ei ny veke.
- Når det er helg og ferie skal iPaden vera på skulen.
- Ved tap eller skade på iPad eller ladeutstyr, er det viktig at de melder frå til kontaktlærar. IPaden er å rekna som anna skulemateriell, og dei same reglane for erstatning gjeld. Jf. §8-5 i *Forskrift om skulereglar for grunnskulane i Time*.
- På veg til og frå skulen skal iPaden oppbevarast i skulesekken. For å redusera sjansen for skade, skal ein ha drikkeflasker o.l. i eit anna rom i sekken. Tastatur og deksel: Ein skal ikkje ta av dekselet på iPaden. Dekselet førebygger skade. (Unntak- om iPad er utsett for fuktigheit. Sjå heimesida til TK)
- Om eleven får problem med iPaden, gløymmer passordet e.l. vil kontaktlærar hjelpa eleven å ordna opp i dette.
- Forskrift om skulereglar gjeld og for iPad. Det vil seie at om ein elev nyttar iPad'en til å krenke medelev(ar) gjennom bilete, film eller kommentarar, vil det blir handtert på same måte som anna krenkande åtferd.

Retningslinjer for mobiltelefon og smartklokker:

Frøyland skule følger Time kommune sine reglar for bruk av mobil og smartklokker. Sjå "[Forskrift om skulereglar for grunnskulane i Time kommune](#)" på heimesida til Time kommune og/eller skulen si heimeside.

I forskrifta kjem det fram at elevane ikkje skal bruke mobiltelefon eller smartklokker på skulen. Me oppfordrar til at elevane legg desse igjen heime.

Om eleven må ha med seg tlf/smartklokke på skulen, skal dei oppbevarast i sekken og vera skrudd av. Skulen har ikkje ansvar for utstyr som eleven tar med på skulen.

Om eleven tar fram/bruker telefon eller smartklokke i skuletida, vil skulen beslaglegga utstyret. Eleven kan hente det i resepsjonen når skuledagen er over. Førsette vil få informasjon om dette. Om eleven ikkje vil gi frå seg utstyret, vil skulen kontakta heimen.

